

## ● kronikk ● debatt ● meninger

## Ukeslutt



Ukeslutt er en arena for debatt, meninger og innslitt i Romsdals Budstikke hver lørdag. Ukeslutt er støttet av Fritt Ord.

Ønsker du å skrive lørdagskronikk eller et debattinnlegg? Send til [ordetfritt@-b.no](mailto:ordetfritt@-b.no)  
Kronikken bør ikke overskride 8000 tegn.

## TEMAVIGNETT

## Har Sp også fått solstikk?

«Senterpartiet stiller ultimatum om at innbyggjarane og næringslivet skal betale 3,690 milliard kr i bompengar».

Dette må vere, «tidenes tåpegaste ultimatum» – og bør nok føre til at innbyggjarane og næringslivet setter «Bom stopp» for stemnet til Sp i Ålesund og i Møre og Romsdal elles.

At det same Senterpartiet også har ansvar for planane om vindmøller i Haram, er eit klart bevis på at miljø er noko Sp skriv om i festalar, medan dei i realiteten gjev fullstendig blaffen i kva innbyggjarane meiner i slike saker.

Frp kjem til å fortsette å kjempe imot bompengar og bypakken i Ålesund.

Dette er påkлага og kjem til ny behandling både i bystyret og i fylkestinget etter valet, og vidare til departementet.

Det er også no vedteke av Statsråden og departement, at bompengar på omkøyingsveg er forbode.

Dette betyr at bompengar på til dømes Veggund–Moa, og i Brusdalen samt andre sideveggar må vekk.

Dette betyr at bompengepakken i Ålesund berre kan skrotast, og vil gjelde det same for bypakkan i Molde og Kristiansund.

Møre og Romsdal Frp er også sterkt imot vindmølleplanar, uansett kvar dette blir planlagt her i fylket.


Vindmøller er eit gedigent inngrep i naturen og er også straumproduksjon som både er for dyrt og noko vi ikkje har behov for.

Ei stemme på Frp her i fylket, er ei stemme mot bompengar og bypakkar, og eit klart NEI-til vindmøller!

FRANK SVE  
Fylkesordførerkandidat, fylkesleiar og gruppeleiar i Møre og Romsdal Frp

## ● Regional forskargruppe har sett på utnytting av utmarka i verdsarvområde

## Berekraftig verdiskaping



## KRONIKK

KRISTIN SORHEIM

Prosjektleiar

«Store strukturendingar i primærnæringsane våre har hatt omfattande lokale ringverknadar. Og i takt med at «den store distriktspolitikken» – som har vore berebelken i norsk bygdepolitikk i fleire tiår – såg ut til å rakne, vart det no «den vesle distriktspolitikken» bygdene laut sette sin lit til. No skulle bygdene byggast med prosjektpengar. – Det som før hadde heitt «by og land – hand i hand» var no døpt om til «landbruk og reiseliv – hand i hand».

– Innovasjon Norge og NHO-reiseliv satte sterkt på nettopp destinasjonsutvikling, og få såg ut til å uroe seg nemneverdig for kva som kunne kome.

– Gradvis kunne ein finne fleire og fleire lesarinlegg og kronikkar frå lokalbefolkninga kring om i grendene som ligg i eller i nærleiken av dei store desinasjonane våre som klaga på for mange turistar, bublar og forspøling langs vegar og rasteplassar. I fjordbotnane låg røyken frå turistskipa sine tunggoljedyvne generatormotorar som skodde langs fjellsidene og somme dagar kunne ein kjenne det svi i augo» – slik skriv Bjørn Egil Flø i situasjonsanalysen om utviklinga i verdsarvområdet Geirangerfjorden og Nærøyfjorden.

Ei gruppe av forskarar og forskingsinstitusjonar i vårt fylke fekk støtte frå Norges forskingsråd for å sjå på korleis ein kan nytte utmarksressursen til

auka verdiskaping samstundes som ein tek omsyn til miljø og berekraft. Hovudmålet med arbeidet var å sjå verdien til utmarksressursane på ein ny måte, gjennom nye samarbeid mellom primærnæringsane og andre næringar og nye forretningsmodellar og å prioritere forskings- og kunnskapsbehov.

Verdiskaping basert på utmarka i verdsarvområda kan ikkje sjåast isolert, men er tett knytt til heile samfunnsutviklinga på desse stadene. På gardsnivå er bruk av utmark og innmark del av eit system og ein hellskap. Det tradisjonelle landbruket i desse områda har skapt verdifulle naturgode som biologisk mangfald, opne turområde med høg rekreasjonsverdi, turstiar og anna. Kulturlandskapet er også viktig for verdsarvstatusen i seg sjølv, ettersom dette er ein viktig del av kjerneverdiane til området.

Utviklinga i landbruket gjer at tungdyvne areal også i verdsarvområda går ut av bruk. Opphøyr eller låg bruksintensitet går spesielt ut over utmarksressursane og dei seminarlegge naturtypane. Utmarka i Geirangerfjordområdet er særleg trua, da tradisjonell bruk med beiting, slått og hausting no i stor grad har teke slutt, og naturtypane gror att med buskar og kratt. Medan gjengroing på den eine sida fører til tap av variasjon, artar og økologiske funksjonar, ville på den andre sida intensivering av landbruket med plantevernmiddel, kunstgjødsel og store mengder husdyrgjødsel også forringe naturverdiane og landskapskvalitetane.

Gjeldande landbrukspolitikk, med mål om stordrift og effektivisering av matproduksjonen, er ei sterkar drivkraft enn dei tilhøva som er sett inn for å bremse og motverke at tungdyvne areal går ut av bruk i verdsarvområda.

Store delar av landskapet er eigd



av og vert rådd over av bruk der det tidlegare var landbruksaktivitet, men som no er hobbybruk eller reine fritidsbustadar. Ofte har desse eigarane korkje tid, økonomisk evne eller kompetanse som gjer at dei skal kunne bidra aktivt i landskapspleie og god forvaltning. Men likevel er desse bruka å sjå på som ein av nøklane til endring. Først når ein har utvikla gode modellar for å få med også desse, kan ein ha von om å finne farbare løysingar. For at landbruket ikkje berre skal vere eit «kulisselandbruk», men vere del av eit berekraftig driftssystem, må

tilgjengelege arealressursar på innmark og utmark nyttast til matproduksjon og andre livsviktige økosystemtenester. Slike driftssystem må bidra til å halde oppe naturtypar, biologisk mangfald, kulturmiljø og kulturlandskap.

Her er mange aktørar og ulike interesser, men det er i praksis lite kontakt mellom desse, og vi ser at dei store aktørane har høve til å gjere mykje som dei sjølve ønskjer – særleg kva gjeld det å delta aktivt og forpliktande i planleggingsarbeid og å bidra økonomisk i gjennomføringa.

Det trengs dermed ei hellskapleg



## DIKT

## Hjelp, vi filosoferer!

Filosofen Schopenhauer  
var en svært bedøvet mann.  
Livet? Det bekom ham ikke.  
Og i Frankfurt bodde han.

På en benk i frankfurtparken  
sitter han en dyster kveld.  
Det er seint og det skal lukkes.  
Derfor kommer valden selv:

– Nu, min herre, hvem er De, og  
hva gjør De på dette sted?  
– Kjærei sier Schopenhauer,  
– den som bare visste dét.

OLA BØG

Si din mening i Romsdals  
Budstikke. Bruk fullt navn.  
Oppgi alltid navn og adresse til  
redaksjonen.

ordetfritt@r-b.no

## TURISTDEBATT

## Eggen eller gondol?

Jeg ønsker å følge tråden til Svein Kroken i dette innlegget (innlegg i Åndalsnes Avis 30.07). Det er fint at han løfter diskusjonen litt høyere enn for eller imot gondolbane. Det er ingen av turistene som kommer til Rauma som skal trenge å skamme seg. Tvert imot skal de, når de forlater kommunen, være så fornøyde at de ønsker å komme tilbake! Men kan enkeltaker, som nettopp gondol til Aksla, være med på å ødelegge det som både Svein Kroken og Torunn Dyrkorn løfter frem som noe av det viktigste som har skjedd reiselivet i Rauma på flere tiår?

Jeg var på et interessant informasjonsmøte på Tindesenteret mandag 29. juli. Geir Klepaker satte oss inn ulike scenarier rundt antall besøkende som er beregnet komme til gondolen til Aksla. Tallene er gjennomgått med Romsdalen AS. Dette er tall og beregninger, men man danner seg et bilde av hvordan det kan bli. Det er ikke et stort problem at 1000 personer oppholder seg i Åndalsnes sentrum, det vil kanskje bare være et pluss mhp verdiskaping. Men bildet jeg satt igjen med handler om Romsdalseggen.

Hvorfor har Romsdalseggen blitt så populær på så kort tid? Og hvorfor antar de at det kan komme 150.000 for å besøke Romsdalseggen og omegn? Jeg tenker det meste handler om at det er en fantastisk flott tur, som er godt tilrettelagt, lett tilgjengelig, godt markedsført og sist men ikke minst oppleves som «rein og uberørt». Og nettopp dette er jeg redd at gondolen til Aksla kan ødelegge. I scenariet som Klepaker viste til, kan det på dager med fint vær og stor cruisebåt være et sted mellom 1000-1500 personer på toppen av Aksla til samme tid! Er det dette bildet tilreisende har av det norske fjell/fjord-landskapet? Reiser de bort fra Alpene nettopp på grunn av at det er for mye folk i fjellet? Hvorfor skal vi klumpe alle sammen på toppen av Aksla? I etterkant av møtet har jeg også sett mer på planene rundt utbygginga på toppen. Hvordan kan man si at en toppstasjon på 17-19 meter (like høy som Rådhuset på Åndalsnes?) ikke vil ødelegge naturoplevelsen der oppe? I tillegg kommer hotell/restaurant, og ikke minst siltasjen av naturen, søpla og dopapiret.

Det er ikke nødvendigvis gondolen som er problemet. Men at den skal legges til Aksla, og kanskje forringe vår nyeste attraksjon. Ideen om gondol var kanskje god da den ble lansert, men siden er det andre attraksjoner som Romsdalseggen, Rannpestreken og Romsdalsstigen via ferrata som har «overtatt» dette fjellet. La oss ikke ødelegge disse!

Og hvor mange reiselivsstemmer (Svein Kroken, Torunn Dyrkorn ymtet frem på ang etterspørsel, reiselvsjournalist Odd Roar Lange, lokale krefter og alle de med fyskam) må til for- så vi i Rauma skal skjønne at vi har noe ikke alle andre fjordarmer har. Nemlig Raunabaren! Romsdalen AS har også denne med på sin liste, hvorfor ikke satse de første 300 mill på dette?

IDA SKIRI

2. kandidat Rauma Venstre



VERDSAM: Geitetoget på Herdalssetra.

tilnærming for å løyse utfordringane. Ein prosess som forskyv maktbalansen frå eksterne aktørar innan masseturisme og i retning lokalt næringsliv, verdiskaping og som inkluderer innbyggjarane, krev nytenking, utvikling av nye forretningsmodellar og evne til gjennomføring gjennom demokratiske planprosessar og god styring. Frå intervju med bønder er det ytra prosjektrøyttleik, og frustrasjon av å «bli forska på» i staden for å bli inkludert og integrert i utviklingsarbeidet av landbruk og tilhøyrande politikk og samarbeid med andre næringar.

Av ulike konkrete verkemiddel som kan prøvast ut, men da helst som element i ein større endringsprosess,

vil vi peike på særskilde landbrukspolitiske verkemiddel i retning sveitsisk modell, turistiskatt, anna betaling for fellesgode, bygdeutviklingsprosjekt som kan gi auka tilflytting og ny næringsaktivitet, til dømes meir gardedrift i kombinasjon med turisme/gardemat. Ei styrt omlegging frå masseturisme mot ulike nisjar innan opplevingsturisme vil truleg og føre til at utmarka blir meir etterspurd. I prinsippet kan ei slik endring gliere det lettare å få lokal verdiskaping gjennom ulike turisttilbod, men det kan og oppstå interessekonfliktar om bruken av utmarka.

Berekraftig verdiskaping knytt til utmarka i verdssarvområda må ta omsyn til kompleksiteten i

utfordringane, og desse ikkje kan løysast utan å sjå dei naturfaglege utfordringane saman med drivkreftene i heile samfunnsutviklinga. Partnerskap som metode er ei tilnærming som byggjer på forankring og involvering av alle aktørar. For ei vellykka lokal utvikling er truleg breie, gode samarbeid lokalt ein føresetnad, og det er framleis behov for meir kunnskap.

Du kan lese meir i NORSØK Rapport vol. 4, nr. 8, 2019 av Kristin Sørheim, Johan Barstad, Rose Bergslid, Annik Magerholm Fet, Bjørn Egil Flø, Unni Støbet Lande, Liv Solemdal, Håvard Steinshamm, Liv Guri Velle.